

HANDLINGSPLAN MOT MOBBING – Langevåg skule



april 2012, justert 26.06.15 og 21.08.17

Bakgrunn/Lovgrunnlag

Retten til eit trygt og godt skulemiljø etter opplæringslova § 9a – 1, gjeld for alle elevar på barnetrinn, ungdomsskule og vidaregåande skule.

Reglane om elevane sitt skulemiljø gjeld i timar og friminutt på skulen, på skulevegen, i leksehjelp som er i regi av skulen eller skulefritidsordninga. Reglane gjeld også når skulen, leksehjelpa eller SFO har aktivitetar utanfor skulen sine bygningar/område, eller i lokale utanfor skulen sitt område.

At årsak til ein elev sin mistriivsel skuldast forhold utanom skuletida (t.d digitale krenkingar), begrensar ikkje skulen si handlingsplikt dersom dette verkar negativt inn på skulemiljøet.

Eleven har ein individuell rett til eit trygt og godt skulemiljø, og det er eleven si subjektive oppfatning som avgjer om skulemiljøet er trygt og godt (opplæringslova § 9a-1)

Alle elevar har krav på eit forsvarleg psykososialt miljø og skulen er plikta til å arbeide systematisk og aktivt for å sikre eit godt psykososialt miljø for alle elevane.

Dersom nokon som er tilsett ved skulen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme skal vedkomande snarast undersøkje saka, varsle skuleleinga og dersom det er nødvendig sjølv gripe inn.

1. Målsetjing

Visjonen vår: ”Kunnskap, trivsel og glede ” inneber at alle skal ha det bra på skulen vår. Her ”vi alle kvarandre vel” og elevane skal ha eit godt læringsmiljø.

Mål:

Det skal ikkje vere mobbing ved skulen vår. Nulltoleranse skal praktiserast.

For å nå måla har vi fyljande rutinar:

- Førebyggjande tiltak som hindrar at elevar vert utsett for mobbing
- Rutinar for å oppdage mobbing
- Skulen skal følgje opp både mobbar og mobbeoffer
- Rutinar for god dokumentasjon
- Rutinar for samarbeid med dei føresette

2. Definisjonar

I elevundersøkinga er mobbing definert slik:

”Negativ eller ”vondsinna” åtferd gong på gong frå ein eller fleire retta mot ein elev som har vanskeleg for å forsvare seg. Erting gong på gong på ein ubehageleg og sårande måte er også mobbing”

Stikkorda her er vondskapsfull, ulikt styrkeforhold og gjentakning.

Definisjon på krenkjande åtferd

Krenkande åtferd er eit felles uttrykk for alle former for åtferd som utilsikta eller tilsikta rammar andre menneske fysisk eller psykisk. Krenkande åtferd kan skje som enkelthandling eller som gjentekne handlingar. Krenkande handling er ei handling som vert utført utan respekt for andre sin integritet. Nokre døme på krenkande åtferd:

Mobbing:

Ein person er mobba nar han eller ho gjentekne gongar over tid, er utsett for negative handlingar frå ein eller fleire personar.

Diskriminering:

Inneber at ein person vert dårleg behandla eller trakassert, t.d på grunn av kjønn, funksjonsnivå, tru/religion, hudfarge, nasjonal eller etnisk bakgrunn.

Rasisme:

Rasisme omfattar diskriminering på grunnlag av «rase», hudfarge eller etnisk opphav.

Vald:

Med vald meiner vi at nokon tek i bruk fysisk makt for å skade andre.

3. Faresignal

- Auka fråver på skulen/kroppsøving
- Uvilje mot kroppsøving/bading
- Vondt i magen/hovudet særleg om morgonen
- Få vener står ofte/går aleine
- Engsteleg, ventar med å gå ut frå klasserommet i friminutta/søkjer kontakt med vaksne
- Humørsviningar/tar lett til tårer /aggressiv ved konflikt
- Søkjer yngre vener
- Ofte deprimert
- Fagleg uforklarleg tilbakegang

4. Førebyggande tiltak

Korleis førebygge?

Felles forankring og fokus hos elevar, personale og foreldre.

Elevnivå – kva kan eg gjere?

- Snakke med elevane om idear, skape diskusjon, bevisstgjere, sjå og forstå konsekvens av eigne handlingar. Ta ansvar for eigne handlingar.

Klassenivå- kva kan vi som klasse gjere?

- Arbeide for å få elevane til å lage sine egne forpliktande samversreglar/klassereglar. Bruke klasseråd/klasse møte regelmessig og målretta for å fremme positive haldningar til kvarandre. Refleksjonar i forhold til verdiar.

Elevråd

- Utfordre elevrådet til å jobbe aktivt for eit trygt og positivt elevmiljø. Vere ”spydspiss” kampen mot mobbing

Personalet - skulen

- Rask og resolutt handling ved mobbing/gjentaking
- Arbeide for god folkeskikk
- Respekt og toleranse for at vi er forskjellige
- Plikttoppfyllande følgje vakt/ inspeksjonsplanen og syte for at det alltid er nok vakter ute.
- Aktiv bruk av ordensreglar/klare reglar
- Vere tydelege vaksne, ha fast og forutsigbart reaksjonsmønster, vise at vi ser.
- Vere tydelege leiarar i klasserommet og i elevgruppa
- Fokus på arbeid med sosial kompetanse
- Elevsamtalar
- Spørjeundersøking om mobbing (elevundersøking og foreldreundersøkingar)
- Ha gode rutinar for samarbeid skule-heim (bruke samarbeidsråd, skulemiljøutval og FAU aktivt i tillegg til uformell kontakt)
- Målretta bruk av samlingsstunder
- Aktivitetsdagar for læring og felles opplevingar
- Alle skal ha vener
- Tema i elevråd og på foreldremøte
- Innføre STOPP regel i skule og SFO
- Fadderordning
- Møte før elevane i klasserommet og lærar må vere den siste som går ut av klasserommet
- Alle skal ha kunnskap om skulen sine planar og rutinar for å førebygge, oppdage og oppfølging av mobbesaker

Foreldra

- Møte opp på klasseforeldremøte/konferansetimar/skulearrangement og gjere seg kjende med klassa, lærarar og skulen
- Arbeide aktivt gjennom FAU
- Gi melding/ta kontakt med klassestyrar når dei har mistanke om at mobbing føregår med egne barn eller andre elevar
- Snakke vel om/vere inkluderande overfor andre elevar/foreldre i klassa
- Vere tydelege vaksne med klare grenser mot mobbing. Hjelp barna til å løyse konflikhtar gjennom samtale

5. Korleis avdekke mobbing?

Skulenivå:

- God inspeksjonsordning, vere presis ut.
- Evaluere ofte om vi har mange nok vakter ute
- Alle veit kva ansvarsområde dei har
- Sikre gode overgangar, lærar er den siste som går ut av klasserommet
- Møte før elevane i klasserommet dersom det føreligg mistanke om mobbing
- Elevråd
- Elevundersøkingar
- Foreldreundersøkingar

Klassenivå

- Fast tema på foreldremøte og kontaktsamtalar
- Klasseråd
- Elevsamtalar
- Vere obs på endringar i åtferdsmønster/signal frå elevar
- Foreldresamtalar ved mistanke
- Vere "audmjuk" i høve foreldre som tek kontakt, la dei oppleve å bli møtt. Dersom vi skal få informasjon frå foreldra må dei ha tillit til oss.

Elevnivå

- Oppfordre elevane til å seie frå dersom dei blir mobba eller ser at andre blir det

Foreldre

- Dersom foreldre oppdagar eller mistenkjer at eige barn eller andre elevar er utsette for mobbing, ta kontakt med den personen ved skulen de finn det naturleg å snakke med. Ikkje vent og sjå

STOPP REGEL

- Når nokon gjer noko mot meg som eg ikkje likar, skal eg lære meg å seie STOPP
- Eg skal lære å seie STOPP når andre vert plaga
- Eg skal lære meg å respektere at andre seier STOPP

Det er dei vaksne som har ansvar for å halde liv i STOPP - regelen.

5. Aktivitetsplikt jmf. opplæringslova.

- Om ein elev seier ifrå om at han eller ho ikkje har det trygt og godt på skulen, eller om skulen har mistanke om at ein elev ikkje har det bra, skal skulen snarast innhente informasjon for å avdekke kva som har skjedd
- Desse undersøkingane skal skulen bruke til å vurdere kva tiltak som skal setjast inn
- Innan ei veke skal skriftleg tiltaksplan utarbeidast
- Eleven(ane) skal involverast, og få seie si meining
- I alle vurderingar skal det takast omsyn til barnets beste
- Tiltaka skal følgast opp, evaluerast og endrast dersom naudsynt
- Rektor skal alltid varslast

6. Saksgang ved mobbing og anna krenkjande åtfærd

1. Undersøkingar og observasjonar for å skaffe informasjon
2. Samtalar med den som er blitt plaga, for å skaffe informasjon og gi støtte.
3. Samtale med foreldra til den som har blitt plaga
4. Samtale med den som mobbar. Sjølv om det er fleire som mobbar, må de snakke med ein om gongen. Føremålet med samtalen er å gi beskjed om at mobbinga er uakseptabel og må stoppe straks. De inviterer så til samarbeid for å få slutt på mobbinga, gjer avtale om kva som skal skje, og set opp ein ny samtale
5. Samtale med foreldra til mobbarane kvar for seg. Dersom foreldra ønskjer det, kan de snakke med fleire samtidig. Ikkje la foreldra sjølve sjølv ordne opp i elevgruppa.
6. Innan ei veke, skal det utarbeidast plan for tiltak som skal setjast i verk for å stoppe mobbinga
7. Sanksjonar og dokumentasjon. Setje inn sanksjonar andsynes mobbarar dersom det er nødvendig. Dette skal dokumenterast.
8. Oppfølging. Mobbesituasjonen må fyljast til han stansar heilt. Alle skal kunne gå på skulen saman og oppleve sosial tilhøyrslø og tryggleik. Etter ei tid kan det vere gunstig å ha ein samtale mellom den som vart plaga og mobbarane. Ikkje gjer dette for tidleg. Hugs at det tek tid å komme over alvorlege krenkingar.
9. Søk råd og støtte om nødvendig. Bruk tilgjengeleg ekspertise, PP- tenesta eller andre ressurspersonar i kommunen.
10. Alle møter, samtalar og kontakt om mobbing skal dokumenterast skriftleg i form av referat eller ved bruk av klageskjema. Rektor må varslast om alle slike saker og få kopi av referat/skjema.

Syner elles til rutinar i høve § 9 a. Elevane sitt psykiske og fysiske arbeidsmiljø.

